



Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag

ÅRSMELDING 2022





Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag



Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag

FYLKESÅRSMØTE 2023

Gloppen Hotel, Sandane 4-5. mars

PROGRAM

LAURDAG 4. MARS


- Frå kl 11.00 Innsjekking på hotellet
- 13.00 Lunsj
- 14.00 Opning og helsingar
Velkomst v/ leiar Hanne Bjerkvik
- Kl 14.30
 - **Sjølvforsyning i eige fylke i eit evighetsperspektiv**
Anton Langeland, ny generalsekretær i NBS
 - **Jordbruket - ei utdøande næring?**
Rekruttering av ungdom til bondeyrket
 - Kvifor bli bonder? Kor trykker skoen?
Robbie Bankes og Johanne Paulsen, 3.-årselevar ved SJH
 - **Sunn jord for ei utrygg framtid**
Åsmund Kvifte, forskar hos NIBIO Vest
- Kl 15.00 Kaffipause
- Kl 15.30 Debatt
- Kl 16.30 Ordet fritt
- Kl 17.30 Motestslutt
- Kl 18.30 Mat med adresse.
Kjøkkensjef Bodil Fjellestad Eikrem ved Gloppen Hotell
- Kl 19.00 Avreise til Kandal
Velkommen til middag på Sølvane Gard
Torstein Kollevåg og Eivind Kandal
- Kl 19.30 Middag, song og musikk
- Kl 00.00 Retur til Sandane




Anton Langeland



Åsmund Kvifte



Robbie Bankes



Johanne Paulsen

SØNDAG 5. MARS

- Kl 07-09.00 Frukost
- Kl 09.00 Gjensidigeavtalen
- Kl 10.00 Samling og uttalar frå felles årsmøte
- Kl 10.30 Fylkeslaga går kvar til sitt for eige årsmøte
- Kl 12.30 Utsjekk og lunsj

Vel heim!

Innhold



- | | |
|------------|-----------------------------|
| SIDE 4-5 | LEIAREN HAR ORDET |
| SIDE 6-9 | STYRET OG TILLITSVALDE |
| SIDE 10-11 | FYLKESSTYRET SITT ARBEID |
| SIDE 12-13 | REKNESKAP |
| SIDE 14-15 | LANDSMØTET I NBS 2022 |
| SIDE 16-17 | 100-ÅRSJUBILEUM |
| SIDE 20-22 | LEIAREN VÅR: HANNE BJERKVIK |
| SIDE 26-28 | PORTRETTET: KAREN HORNNES |
| SIDE 32-34 | NYINNMELD: HÅKON LANGELAND |

Omslagsfoto: Unni Tveito

Leiaren har ordet

KJÆRE MEDLEMMER.

ETTER ETT ÅR som fylkesleider kjenner jeg virkelig på stoltheten av å tilhøre en organisasjon som NBS.

Engasjerte medlemmer i alle aldersgrupper med en samlet kunnskap en skal lete lenge etter.

DE SISTE ÅRENE har pandemien rådet, året 2022 har i tillegg vært preget av krigen i Ukraina.

Etter regjeringskiftet så de aller fleste lyst på fremtiden, bonden fikk jo tidenes oppgjør i Jordbruksforhandlingene!

MEN HVORDAN GIKK det egentlig?

Med en verden full av uro, med krig i Europas kornkammer og prisstigninger verden sjeldent har sett maken til har lagt en solid demper på entusiasmen.

Agri Analyse la frem i sin rapport at det manglet ca 750 millioner for å starte jobben med å tette det inntektsgapet næringa ble lovet.

Grytten-utvalget kom også med sin rapport som skulle vise hva bondens inntekt egentlig er.

MED LITT KREATIV bokføring, ved å kun ta med mediaen av gårdbrukere, pluss at det ble lagt til lønnsgivende



Fylkesleiar
Hanne Bjerkvik

ikke har råd til å lagre den, staten har heller ikke råd til hjelpe til med en historisk høy strømregning.

Når hele besetninger melder inn til Nortura fordi bonden er lei av å kjempe bare litt til.

NÅR STATEN HELLER vil satse på å importere i stedet for å ta vare på det vi selv har produsert er Norge blitt et fattig land etter min forståelse.

Det gir en bitter smak å skulle spise mat andre land har mer bruk for enn oss når vi vet at vi kunne sikret oss egen produksjon.

ET UNISONT LANDBRUK har lenge sagt fra, ropt høyt og demonstrert, og det skal vi fortsette med.

Landbruk og matproduksjon er verdt å kjempe for, og det bidrar organisasjonen med på veldig mange måter.

STOLT GARDBRUKER.

VÅR NYE LEDER Tor Jacob Solberg sa i et innlegg at vi skal være stolte av vårt yrke, uansett om vi har 2 kyr og 10 sau eller om vi har 50 kyr med tilhørende kvote.

Det skal ikke være størrelsen på gården som avgjør om en er viktig nok.

Alle sammen, små som store, bidrar inn i den viktige matproduksjonen.

Det er mangfoldet som gjør at vi kan ha matproduksjon fra fjord til fjell.

VI ER OGSÅ inne i en tid med endring.

Landbruket får strengere krav, særlig 2024 og 2034.

Dyrevelferdsprogrammer rulles også ut.

Krav om lengre beitetid, kalvingsbinge og løsdrift spiller en avgjørende rolle for om de små og mellomstore melkeprodusentene er med oss videre eller ikke.

Det er i aller høyeste grad et økonomisk spørsmål der vi må fortsette og løfte disse høyt.

MIDT I ALT DETTE er jeg oppatt av vi bønder ser hverandre.

I en hektisk hverdag med tidsklemma og presset øko-

nomi blir det desto viktigere at vi ser hverandre.

At vi slår på tråden, drar innom nærmeste nabo og pleier relasjonene.

DET Å VÆRE bonde er ett av Norges tøffeste og farligste yrker, nettopp derfor er det ingen skam å be om hjelp om det skulle butte imot.

En glad og fornøyd bonde gir glade og fornøyd dyr.

ORGANISASJONEN HAR også fått nytt mannskap, med Tor Jacob Solberg på topp og med Anton Langeland som sin høyre hånd har jeg klokhet på at vi får se et NBS som ikke lar seg rokke under kommende JF, men de kan ikke gjøre alt alene.

Vi må spille både dem og hverandre gode når vi skal

bryte lydmuren med NBS sin politikk.

Flere har også fått opp øynene for NBS, da må vi være klare til å ta i mot dem med åpne armer, det har jeg tro på at vi får til sammen.

MITT FØRSTE ÅR som leder i Sogn og Fjordane har vært fylt med utfordringer, en bratt løringsskurve, møter med mange flotte medlemmer og medmennesker, og et samarbeid med et styre jeg ikke kan få rost nok.

SIST MEN IKKE MINST

Jeg har urokkelig tro på Norsk landbruk og NBS.

Hanne Bjerkvik
Fylkesleiar Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag.



Styret og tillitsvalde

FYLKESSTYRET 22

LEIAR: Hanne Bjerkvik

Furenesvegen 48, 6967 Hellevik i Fjaler

Mobil: 482 58 256

E-post: hmbjerkvik@gmail.com

NESTLEIAR: Sander Solheim

Nautsundvegen 82, 6968 Flekke,

Mobil: 906 95 124

E-post: sandsol99@gmail.com

STYREMEDLEM: Marco Neven

Lærdalsvegen 1242, 6887 Lærdal

Mobil: 901 08 484 E-post: sognebia@frisurf.no

STYREMEDLEM: Rita Iren Hestad

Åsane, 6819 Førde

Mobil: 951 73 143 E-post: rih_90@hotmail.com

STYREMEDLEM: Joar Oppedal

Ortnevik, 5962 Bjordal

Mobil: 411 00 587 E-post: jopped@online.no

VARA: Erna Underdal Skarsbø

Undredalsvegen 84, 5746 Undredal

Mobil 975 86 573

E-post: erna_us_ynwa@hotmail.com

LOKALLAG

AURLAND BS: Håvard Vidme,

Vidmevegen 3, 5743 Flåm

vidme_@hotmail.com / 921 32 530

BREMANGER, FLORA OG VIK BS:

Kontakt fylkeslaget ved fylkessekretær

sognogfjordane@smabrukralaget.no

EID, SELJE OG VÅGSØY BS:

Kontaktperson: Kjartan Naustdal, Lidene 11,

6773 Nordfjordeid, kjarta-n@online.no /

917 39 888

GLOPPEN BS: Eva Vigerust,

Breimsvegen 1258, 6827 Breim,

gloppensmabruker@gmail.com / 410 82 533

HYLLESTAD OG FJALER BS:

Hanne Bjerkvik, Furenesvegen 48,

6967 Hellevik i Fjaler, hmbjerkvik@gmail.com /

482 58 256

HØYANGER BS: Jarle Martin Håland,

Ikjefjord 261, 5962 Bjordal,

jarle.haland@enivest.net / 478 59 475

LUSTER BS: Olav Harald Alme,

Lomheim 4, 6869 Hafslø,

olavharald.alme@gmail.com / 915 32 775

SOGNDAL OG LEIKANGER BS:

Olav Nesse, Gorvinsvegen 8, 6856 Sogndal,

olane@online.no / 977 72 828

STRYN BS: Ingolf Folven, Strynevegen 2837,

6798 Hjelledalen, if-juen@hotmail.com /

481 31 838

SUNNFJORD BS: Karen Hornnes,

Hornnesvegen 113, 6809 Førde

karen.hornnes@enivest.net / 481 67 076

VALNEMND 2022:

Leiar: Margaret Skåre, Stryn BS

Johnny Følling, Sunnfjord BS

Olav Harald Alme, Luster BS



LEASE i staden for å kjøpe?

Leasing har mange fordeler framfor lånefinansiering og kan vere eit godt alternativ når du har bruk for køyretøy eller utstyr ein periode.

Inntil 100 % finansiering.

I lag finn vi ei løysing som passar for di bedrift*

*Vi tilbyr leasing gjennom Sparebank1 Finans Midt-Norge



Ta kontakt med Ragnhild:
ragnhild.helgheim@ssf.no
eller 481 67 103

ssf.no/leasing

**Hanne Bjerkvik****Busett:** Fure i Fjaler
Hyllestad og Fjaler BS**Produksjon:** Ammeku**Oppvekst:** Saltstraumen i Nordland, flytta til Fjaler sommaren 2020**Utdanning:** Fagbrev som institusjonskokk**Verv:** Fylkesleiar Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag, lokallagsleiar Fjaler og Hyllestad BS, varaordførar i NBS**Arbeid:** Jobbar som butikksjef utanom drifta**Kvifor NBS?** Det er ein organisasjon med ei sterk stemme for å utnytte mangfoldet i norsk landbruk, som ser norsk landbruk i eit solidarisk perspektiv og som er ein organisasjon som kvar dag kjempar for at også dei små og mellomstore har livets rett.**Marco Neven****Busett:** Ljøsne i Lærdal
Aurland BS.**Produksjon:** Birøkt (honning & pollinering) og Tindvedbær.**Oppvekst:** Fødd og oppvaksen i Nederland. Flytta i 1978 til Noreg. Har alltid hatt tette band til landbruket.**Utdanning:** Jordbruk, skogbruk, økonomi, marknadsføring og pedagogikk.**Arbeid:** I tillegg til drifta heime jobbar eg som lærar ved Sogn Jord- og Hagebruksskule i Aurland**Kvifor NBS?** NBS har eit stort mangfold i medlemsmassen som har fokus på berekraft og levande bygdesamfunn. Som organisasjon har NBS eit stort og spanande utviklingspotensiale.**Rita Iren Hestad****Busett:** Åsane i Førde
Sunnfjord BS:**Oppvekst:** Oppvaksen på gard i Gaular. Her hadde vi 12 mjølkekryr, 30 sau og ein hest.**Produksjon:** Busett på Åsane i Førde saman med sambuaen min, saman har vi tre små born. Her driv vi familiegarden hans med spelsauer. Fram til 2021 hadde vi omrent 120 vinterfora sauar og nokre få gamalnorsk spel. Frå 2022 har vi halvert til ca. 60 vinterfora, kun vanleg spelsau. Hest som hobby.**Utdanning:** Utdanna agronom.**Kvifor NBS?** NBS verka som ein spennande organisasjon å komme inn i for å lære meir om landbruk og politikk, og meir om korleis det står til med landbruket i dag.**Sander Solheim****Busett:** Rennestraum i Fjaler
Hyllestad BS.**Oppvekst:** Oppvaksen med sau, ammekyr og hest i Eikefjorden. Overtok drifta der som 18-åring og starta med mjølk i leigd fjøs, leigd kvote og leigd areal. Kjøpte garden Rennestraum i Fjaler sommaren 2020 og flytta dit. Har brukt tida sidan på å få jorda i hevd og renovera og klargjort driftsbygning for mjølkeproduksjon.**Produksjon:** mjølkekryr, sau, fjordhest og skogbruk.
Utdanning: Agronom**Verv:** Styremedlem SFBS og politisk nestleiar i Sogn og Fjordane Senterungdom.**Interesser:** For meg er rekryttering til landbruksnæringa viktig. Vi treng fleire unge bønder, og ein må legge til rette for at dei som sit med ein draum om å drive ein gard får moglegheit til å prøve seg.**Joar Oppedal****Busett:** Ortnevik i Høyanger kommune.
Høyanger BS.**Oppvekst:** Oppvaksen på same småbruk som eg bur på no; i Ortnevik**Produksjon:** Tidligare mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon. Ymse småskala utelege av hus og sal av skogsprodukt. No småskala utelege, og litt skogsprodukt.**Utdanning:** Agronom, ymse erfaring
Arbeid: Latsabb. Berre ymse småjobber utanfor, og på småbruket.**Verv:** Kasserar i Høyanger BS, opprykk fra vara til styremedlem i fylkeslaget**Kvifor NBS?** Har vore med i NBS sidan eg overtok garden, pga at det var det flagaget som ville jobbe for alle bruk; fra små til store...**Fylkessekretær****Marit Milde**
Busett: Angedalen i Førde
Sunnfjord BS.

Tok over småbruket etter onkelan min i 2011. Vi har restaurert alle dei gamle bygningane på garden, og flytta dit i 2021 - endeleg!

Produksjon: Gamalnorsk spelsau og birøkt + høner i hagen, to kattar og snart kanin(er)...**Arbeid:** Tilsett i 25 prosent stilling som fylkessekretær i SFBS sidan 2015**Inntekt:** 60% stilling som Karrierereveileder i Falck Helse.**Kvifor NBS?** Eg vart med i Bonde og Småbrukarlaget fordi eg skulle ta over garden, og utan å vite så mykje om landbrukspolitikk. Har etterkvart innsatt kor viktig NBS er for sjølvberging, busetnad, og arbeid i distrikta, artsmangfald, kulturlandskap og alt i hop.

Årsmelding 2022

Fylkesstyret sitt arbeid

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag hadde ved årsslutt 12 lokallag med totalt 364 medlemmer

Ved årsslutt 2021 hadde vi 338 medlemmar, så ein positiv auke.

Årsmøtet 2021 blei avhalde digitalt grunna pandemi, dette unngår vi heldigvis i år. Endeleg kan vi samlast att.

Styret har hatt 7 møte kor av 2 av desse har vore fysisk på kontoret i Førde, resten har vore digitale.

Fra fylkesårsmøtet 2021 blei det gjort eit vedtak som sa at ein person skulle kjøpast fri for å jobbe aktivt med media, dette for å få meir fokus på NBS sin politikk under Jordbruksforhandlingane.

Dette gav resultat.

Vi fekk inn innlegg i lokale aviser, Nationen og Klassekampen.

Leiar hadde også intervju i NRK Sogn og Fjordane.

Første april møtte leiar Sandra Borch i Bergen på Lystgården, saman med representant frå Hordaland og Vestland Bondelag, før det var det gardsbesök på ein

STYRET 2022

Hanne Bjerkvik
–Leiar–

Sander Solheim
– Nestleiar –

Joar Oppedal
– Styremedlem –

Marco Neven
– Styremedlem –

Rita Hestad
– Styremedlem –

Erna Underdal Skarsbø
– Vara –

Marit Milde
– Fylkessekretær –

mindre gard med mjølk kor det var bygd om frå bås til lausdrift.

Statsråden var under arrangementet lydhøyr for dei tilbakemeldingane som organisasjonane kom med.

Vi blei også inviterte på gardsbesök hos Per og Ingeborg Ravndal i Sundsdalen saman med Ove Farsund (AP).

Der hadde Klassekampen reportasje om saka.

Vi var også representerte på opninga av det nye pakke-

riet i Lærdal ilag med Eli Berge Ness.

Eit flott tiltak for grøntprodusentane i området.

I sommar arrangerte vi sommartur til Skjolden for våre medlemmar i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Med på turen hadde vi 15 stk. som fekk oppleve flott natur, god mat, omvising i Urnes stavkyrkje og eit besøk i Solvorn.

Planen var å møte våre medlemmar som har lama/alpakka, men grunna sjukdom har vi det til gode.

Eit godt tiltak for å kunne møtes å pleie gode relasjoner.

NBS Sogn og Fjordane har også halde fram jobben i samarbeid med Statsforvaltar og fylkeskommune i dei fora vi sit i, dette er ein utrolig viktig jobb der vi, saman med Hordaland, er direkte med å påverke det landbrukspolitiske i Vestland.

Det er eit samarbeid som har bore frukt både i møta og i form av lesarinlegg i lokale media.

Bjerkvik og Grutle var blant anna på ballen i saka om investeringsstøtte til nybygg fjøs.

Dette som eit direkte resultat av at fleire medlemmar tok kontakt med oss om saka.

Vi blir stadig meir digitale og i 2022 har vi fått nytt medlemssystem som vil gjere kontakten ut til lokallaga mykje enklare, og det blir eit viktig verktøy i tida framover.

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag si 100-årsmarkering blei endeleg markert på Thon Hotell Jølster.

Der fekk vi besøk av Tor Jacob Solberg, fylkesleiar i Møre og Romsdal Stein Brubæk og Kolbjørn Taklo frå NLR HMS.

Tor Jacob Solberg trekte ein del tilhørarar og vi fekk gode tilbakemeldingar på at samlinga hadde vore både fagleg nyttig og triveleg sosialt.

Stein Brubæk hadde innleiing om betydninga av lokal mat i eit sjølvforsyningsperspektiv og Kolbjørn Taklo hadde innleiing om Bonden og Psykisk helse.

På dag to av 100-års jubileet hadde vi politisk verstad der deltakarane i samarbeid utarbeidde dei innspel som vi synest var viktige å merke seg inn i behandlinga.

Temaplan landbruk blei vedteke i 2022.

Det blei også diskutert litt rundt kva og kor vi vil med Sogn og Fjordane BS.

Vi fekk også nytt medlem etter denne samlinga, som viser at det er viktig å finne fysiske møteplassar.

Landsmøtet 2022 hadde fokus på økonomi og Gryttenrapporten spesielt.

Prinsipielle spørsmål rundt produksjonsregulering og talfesting av økologisk produksjon blei og særleg debattert, saman med sjølvforsyning i ei uroleg tid som også fekk mykje fokus.

Kjersti Hoff takka av som leiar i 2022 og Tor Jacob Solberg blei nyvalt med ståande applaus.

Vegard Vigdenes blei valt som Politisk nestleiar.

Margrethe Figved kom inn som organisatorisk nestleiar.

Inge Aukan og Marit Fausko kom også inn som ferske styremedlemmar.

Vår bauta i fylket; Eli Berge Ness og Kjell Erik Brandstadmoen er med frå det tidlegare styret.

Ordførar er Ann Guro

Hansen, og under valet på søndag blei også Hanne Bjerkvik valt som varaordførar til landsstyret i NBS.

Dette er eit solid landsstyre, men for å fremme interesse til Sogn og Fjordane må både medlemmar, lokallag og fylkeslag sende inn saker og støtte opp om dei som varetak våre interesser.

I år har fylkesstyret vore litt amputert, dette har fleire årsaker.

Det har ført til at ikkje alle gode intensionar har blitt sett i verk.

Denne jobben fortset vi med.

Men trass i dette har vi klart å gjennomføre aktivitetar og saker.

Etter nokre år med pandemi har styret jobba med å prøve og komme tilbake til ei tid med meir aktivitet, som igjen kan føre til markering av laget, medlemsvekst og ikkje minst trivsel blant medlemmane i Sogn og Fjordane BS.

Dette er noko vi vil halde fram jobben med i tida som kjem.

Resultat

DRIFTSINNTEKTER	31.12.2022	31.12.2021	Note	Budsjett 2023
Salgsinntekter, avgiftsfrie	38 500	40 200		40 000
Kontingent	117 922	93 603		120 000
Smaken av SF	-1 164	-1 164		0
Støtte frå Gjensidige	16 572	16 790		15 000
Sum driftsinntekter	171 830	149 429		175 000
<hr/>				
DRIFTSKOSTNADER				
Lønn til ansatte	79 128	78 904		82 000
Godtgjørelse til styre- og bedr.forsaml	10 000	10 000		10 000
Lønninger, ferielønn og honorarer	89 128	88 904		92 000
Arbeidsgiveravgift	10 466	8 332		0
Arb.giveravgift, pensjonskostn etc.	10 466	8 332		0
<hr/>				
Lønstilskot Fylkessekretær	-35 000	-35 000		-35 000
Refusjon av arbeidsgiveravgift	0	-1 781		0
Refusjon forsikringsmøte	-5 000	0		-5 000
Gave til ansatte, ikke fradagsberettige	2 995	1 687		3 000
Andre personalkostnader	-37 005	-35 094		-37 000
<hr/>				
Leie lokaler	23 238	20 023		24 000
Annen fremmed tjeneste	30 000	0	1	5 000
Data/EDB- kostnad	6 472	7 823		13 000
Trykksak	16 513	16 276		17 000
Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	0	100		6 000
Møte, kurs, oppdatering o.l.	3 000	-326		10 000
Porto	0	2 704		500
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	10 363	6 440		10 000
Kontingenter ikke fradagsberettiget	0	450		2 500
Forsikringspremie	2 008	1 936		2 000
Bank- og kortgebyrer	1 631	168		1 500
Annen kostnad	0	0		28 500
Andre innkjøps-,tilvirkn. kostn. etc	93 224	55 593		120 000
Sum driftkostnader	155 813	117 735		175 000
Driftsresultat	16 016	31 695		0
Renteinntekt, skattefri	0	38		0
Annen finansinntekt	356	240		0
Finansinntekter	356	240		
Rentekostnad, ikke fradagsberettiget	-75	0		
Finanskostnader	-75	0		0
Avdelingsresultat	16 297	31 935		0

Balanse

EIENDELER	31.12.2022	31.12.2021
Kundefordringer	4 200	2 200
Mellomkonto	2 669	2 669
Bank Hovud 3837.05.10684	266 925	260 082
Bankinnskudd for skattetrekk	2 277	4 252
Sum eiendeler	276 071	269 203
<hr/>		
GJELD OG EGENKAPITAL		
Annen egenkapital	-239 485	-207 551
Forskuddstrekk	1 709	-661
Annen kortsiktig gjeld	-21 997	-29 056
Sum gjeld og egenkapital	-259 773	-237 268
Diff. eiendeler/gjeld og EK	16 297	31 935



1) Frikjøp av leiar for å jobbe aktivt mot media.



NBS sitt landsmøte 2022 på Hamar

Helga 29-30. oktober 2022 avholdt NBS sitt landsmøte på Hamar. Over 250 deltakarar var samla, og Sogn og Fjordane var representerte med utsendingar frå fleire lokallag, totalt 10.

Det er lenge sidan vi har hatt så høg representasjon. I tillegg har vi Eli Berge Ness som medlem av NBS sitt landsstyre.

Landsmøtet starta med velkomsttale frå avtroppande leiar Kjersti Hoff, som la vekt på at NBS sin politikk er den rette, med fokuset vi har på små og mellomstore bruk, berekraft og politikk basert på det naturlege ressursgrunnlaget. Ei viktig sak i året som gjekk var inntektssituasjonen til bondene, som er for låg i høve til andre yrkesgrupper. Gryttenutvalet sin rapport byggjer opp under dette.

Ho la heller ikkje skjul på at det hadde vore eit svært krevande år, med tanke på intern uro i styret.

Landbruks og matminister Sandra Borch si helsingstale til landsmøte la vekt på det svært gode jordbruksoppgjerset der 10,9 milliardar blei bondene til del. Ho poengerte

viktigheta av norsk sjølvforsyning og at ein måtte få forbrukarane til å velge norske produkter.

Andre talarar laurdag var Gryttenutvalet sin leiari, Olav Randen si helsingstale til NBS sin æresmedlem Aksel Nærstad som gjekk bort i 2022. Norsk Bygdekvinnelag og LO.

Laurdag kveld var det festmiddag, og fleire helsingar og talarar.

Søndag var det val, og følgjande styre skal no lede NBS kommande år:

LEIAR: Tor Jacob Solberg. Vald med 139 stemmer. Ingen mot eller blanke.

ORGANISATORISK NESTLEIAR:

Margrethe Figved

POLITISK NESTLEIAR: Vegard Vigdenes

STYREMEDLEM: Eli Berge Ness
(ikkje på val)

STYREMEDLEM: Kjell Erik Brandstadmoen (ikkje på val)

STYREMEDLEM: Inge Aukan

STYREMEDLEM: Margit Nerland Fausko

VARA


- 1.** Ståle Stoen (valnemndas innstilling)
- 2.** Runa Tunheim (valnemndas innstilling)
- 3.** Eldar Melbøe Kyllsø (valnemndas innstilling)



Sogn og Fjordane på Landsmøtet 2022.

Bak f.v. Gunnar-Arne Haaland, Odd-Kåre Flølo Eide, Torkjell Sollesnes, Geir Midnes, Ingolv Folven, Åsmund Mikalsen Kvifte og Jarle Martin Håland.

Framme f.v. Hanne Bjerkvik, Eli Berge Ness, Marit Milde, Frøya Torvik, Margaret Skåre (gjest) og Karen Hornnes. Innfelt er Karen Haugland (gjest) og Nanna Bjelland Isdal.



4. Inger Lise Sveum Aasbekken (valnemndas innstilling)

5. Åshild Charlotte Monsø (valnemndas innstilling)

**ORDFØRAR I
REPRESENTANTSKEPET:**

Ann Guro Hansen (valnemndas innstilling)
Varaordførar: Hanne Bjerkvik (benkeforslag)
Per Lindholt (valnemndas innstilling)

av Marit Milde



Eirik Hjelmbrekke
SPAR Jølstraholmen

<https://spar.no/nettbutikk/varer>

*«Kjære bonder,
takk for maten!»*



EUROSPAR



Leif Grutle overrekker blomster og helsing frå Hordaland BS.

Alle foto: Marit Milde

100-årsjubileum SFBS

Endeleg kunne Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag feire sitt 100-årsjubileum. Etter eit par år med pandemi var det markering helga 8-9. oktober på Thon Hotell Jølster.

Laurdag 8. oktober var lagt opp som ein kombinert fagdag med middag og sosialt samver om kvelden.

Leif Grutle, leiari i Hordaland BS kom med blomehelsingar i høve jubileet og Eli Berge Ness, som både er lokal og også politisk nestleiari i NBS sentralt kom og med ei helsing.

Vi kunne ønske NBS sin leiarkandidat Tor Jacob Solberg velkommen, og han hadde mange interessante betraktnigar om NBS og vestlandsk landbruk for framtida. Han ville gjerne høre kva som opptok vestlandsbondene, og få innspel om kva han kunne ta med seg vidare til NBS-politikken om det blei han som vart NBS sin nye leiari.

Det var fleire interessante innleiarar på programmet den laurdagen, t.d. fylkesleiari i Møre og Romsdal BS Stein Brubæk. Han er lokalmatgründer og har drive Brubekken Gardsmeieri på Gjemnes sidan 1986.

Fokuset i innlegget hans var viktigheita av agroøkologi, jordbruk på lokale ressursar og på lag med naturen, samt auka sjølvforsyning og beitebruk.

Kolbjørn Taklo frå Norsk Landbruksrådgjeving Vest hadde innlegg om HMS i landbruket. Han hadde m.a. fokus på at dårlig merksem og hastverk var to av dei viktigaste årsakene til ulukker, både i landbruket og elles.

Psykisk helse var også eit punkt han velta, som gjerne er på dagsorden i våre dagar då bonden for det meste er aleine om arbeidet på garden. Han påpeika viktigheita av sosiale treffstadar og kor viktig det er å bry seg.

Om kvelden var det duka for middag og sosialt samver, med mange gode historiar om oksar, hundar og andre dyr.

Søndagen blei brukt til å diskutere tema-plan landbruk for Vestland fylke, og her kom det fleire innspel frå deltakarane på samlinga som blir teke vidare til fylkeskommunen.

Ein sette også fokus på framtida til NBS og kva landbrukspolitikk vi ynskjer framover. Det er medlemmane i som gjennom sitt engasjement kan påverke framtida for jordbruket i landet vårt.

av Marit Milde



Eli Berge Ness, NBS



Tor Jacob Solberg



Stein Brubæk, Møre og Romsdal BS



Kolbjørn Taklo, NLR Vest



Jubileums-middag på Skei.

Sentralstyret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag

**TOR JACOB SOLBERG**

Leiar

Mobil: 911 65 119

VEGARD VIGDENES

Politisk nestleder

Mobil: 958 04 595

MARGRETHE FIGVED

Organisatorisk nestleder

Mobil: 932 44 599

ELI BERGE NESS

Styremedlem

Mobil: 958 66 050

**KJELL ERIK
BRANDSTADMOEN**

Styremedlem

Mobil: 901 64 900

INGE AUKAN

Styremedlem

Mobil: 971 06 635

MARGIT FAUSKO

Styremedlem

Mobil: 908 27 754

ANN GURO HANSEN

Ordfører

Mobil: 917 83 644

HANNE BJERKVIK

Varaordfører

Mobil: 482 58 256

VARAMEDLEM TIL STYRET**1. Ståle Støen**

Mobil: 957 57 525

2. Runa Tunheim

Mobil: 975 16 711

3. Eldar Melbøe Kyllesø

Mobil: 454 11 131

4. Inger Lise Sveum**Aasbekken** Mobil: 906 63 196**5. Åshild Charlotte Monsø**

Mobil: 481 43 362

TopLac® Sau Fiber løyser utfordringa!

Supert til lamminga!

Mange testa vårt nye kraftfôr i lamminga i fjor, og tilbakemeldingane er svært positive.

Det høge fiberinnhaldet kvesser appetitten på både kraftfôr og surfôr. Sauene held seg friskare, mjølkeproduksjonen blei god og lammetilveksten likeeins.

TopLac Sau Fiber er spesielt effektiv om surfôret har høg kvalitet, eller tilgangen er avgrensa.

Ventar du fleire trilling - og firlingsøyser så tilrår vi den prisgunstige TopLac® Sau Fiber i lamminga.

TopLac® Sau Fiber – den perfekte løysinga ved store lammekull og ekstra godt surfôr.

Produksjonsstart: 15. februar



Rekneskap Fjordane AS

ARS – Autorisert Rekneskapsførarselskap

- Rekneskapsføring
- Løn
- Eigne fagpersonar knytt til primærnæringa
- Eigarskifte
- Skybasert deling av arbeid mellom kunde/rekneskapskontor

KONTAKT OSS:

Sande 57 71 86 60

eller Førde 57 72 41 30

GODT GJORT ER BETRE ENN GODT SAGT

FISKÅ MØLLE ROGALAND Tlf. 51 74 33 00

FISKÅ MØLLE ETNE Tlf. 53 77 13 77

www.fiska.no

Hanne Bjerkvik

Leiar i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag
og lokallagsleiar i Hyllestad og Fjaler BS

Av dialekta kan ein høyre at du opprinnelleg ikkje stammar frå Sogn og Fjordane.

Jeg er født og oppvokst i Saltstraumen, noen mil vest for Bodø i Nordland.

Kan du fortelje litt om deg sjølv.

Jeg er oppvokst på landet blant flott og vill natur, med flere gårdsbruk som nærmeste nabo. Mye av tiden som barn og ungdom brukte jeg på musikk og kultur.

Du blei vald inn som ny leiar i SFBS i 2022 og har eitt år bak deg i rolla no. Korleis har det vore?

Dette året som ny leder i Sogn og Fjordane BS har vært utrolig spennende og med en vanvittig læringskurve.

Jeg har fått jobbet sammen med både forvalting og samarbeidspartnere om saker som angår landbrukskunnskap.

Det å få lov til å sitte i en slik posisjon – som bidrar til at man er med på å forme landbrukspolitikken – er både givende og krevende på samme tid.



HANNE BJERKVIK

Busett: På Fure i Fjaler

Sivilstand: Sambuar med Ronny Espenes

Drift: Ammeku

Kva bakgrunn har du som gjer at du vil ta på deg eit slike verv?

Min organisatoriske bakgrunn kommer etter noen år i politikken der jeg hadde en del tilitsverv, som da har bidratt til at jeg følte at jeg hadde noe av det som kreves i den viktige posisjonen som et fylkesleder verv er. Uansett hvor mye bagasje jeg føler at jeg har, er det likevel øyeblikk hvor jeg har gleden av å tilegne meg ny kunnskap, både fra kollegaer og internt i organisasjonen og fra samarbeidspartnere. Leiderjobben er heller ikke ale-

ne om, så der må jeg også komme med ros til både styret og fylkessekretæren.

Du blei også vald inn i NBS som varaordførar på LM i oktober 22. Og eg veit også at du starta i ny jobb hausten 22. Er du ei dame som likar å ha mange jern i ilden eller har du rett og slett for lite å gjere? Eller er det snakk om «superwoman» her? Kor tek du engasjementet ditt frå?

Jeg er en dame som alltid har likt å ha mange jern i ilden. Det å sitte stille og ikke engasjere seg i noe har aldri vært noe for meg.

Jeg har nok ikke for lite å gjøre, noen ganger kanskje tvært i mot, men det å ta utfordringer, å kunne vere med å bidra til noe større enn meg selv, og ikke minst gjøre det i et felleskap betyr mye for meg. Egasjementet for å jobbe for en sak har nok lagt i meg fra fødselen av.

Mine foreldre var sterkt forankra i fagbevegelsen og det nok derfra engasjementet har kommet. Jeg er nok ingen «superwoman», men det å sitte stille har aldri vært min natur.



Litt ekstra kos til dyra gjev Hanne energi.

Foto: Privat

Å bli valgt som varaordfører i NBS er en tillitsbemerkning jeg er stolt og ydmyk over å ha mottatt.

Korleis ser du på landbruket og framtida. Kva tenkjer du må til for at vi framleis kan ha bønder i fylket?

Landbruket står i en avgjørende brytingstid. Kostnader øker og bondens lønnsomhet står i ro, og for noen produksjoner faller den.

Skal vi fortsette å ha eit aktivt landbruk er vi heilt avhengig av at bonden får rettferdig betalt for sin jobb, får sosial rettferdighet og får igjen for invisteringene som blir gjort for fremtiden. Bonden har jobbet dugnad lenge nok og ingen kan spise penger.

I Sogn og Fjordane har vi et spesielt landbruk med gårder fra fjord til fjell. Gårdene er ofte små og brattlendte, men er likefullt drivverdige. Både små som store bruk i fylket skal vi fortsette å kjempe for. Ikke minst

er det de små- og mellomstore melkeprodusentene som har en spesielt utfordrende tid foran seg, og det må vi ta med oss i det videre arbeidet.

Det ligg ofte sterke slektsmessige tilknytingar til gardsbruk og drift, og mange vil ta over garden etter sin far og bestefar. På trass av økonomi og stor arbeidsbyrde.

Årlig er det flere bruk som beveger seg inn i et generasjonsskifte, og jeg vil rose de unge som går på med liv og lyst inn i denne viktige næringa.

Kva ser du på som viktig i ein slik prosess der inntekta til bøndene er så låg at ein ikkje tener pengar på alt arbeidet som ein må legge ned 24/7?

I en slik prosess er det viktig at den som overtar har en klar tanke over hvilken produksjon en ønsker, at man får hjelp til å sette opp en god





driftsplan som viser realistiske tall og ber om råd og veiledning hvis en er usikker på om noe er økonomisk lønnsomt eller ikke.

Ikke minst tror jeg også at en må vere realistisk med egen kapasitet. Det er lett å gå på med full styrke, men også lett å brenne seg ut. Å skape relasjoner til kollegaer rundt seg er også viktig.

Når du skal slappe av, men har 1000 ting som skulle ha vore gjort. Kva gjer du då?

Når det er mange baller i luften som skal landes har jeg rett og slett en liste jeg bare jobber meg nedover, så tar en pause for å kunne hente inn energi til nye tak.

Når jeg slapper av ser jeg gjerne ein god dokumentar, går å koser litt ekstra med dyra i fjøset eller steller med den lille grønnsaks-hagen.

Hvis kalenderen er blank er den tur på sjøen med samboeren et kjærkomment innslag.

Det beste i livet er gratis heiter det visstnok – kva er det beste i livet?

Det aller beste i livet er å kunne sette seg på ei tue, en varm sommerdag på beite, å bare være sammen med dyra. Det er ekte lykke.

Du har bakgrunn som kokk. Korleis er det å gå frå å lage mat til å produsere mat?

Det å gå fra å tilberede maten til å vere produsent er givende. Jeg har nok fått mye større respekt for råvarene nå som jeg selv kjenner på kroppen hvor mye tid og energi som ligger bak det ferdige produktet. Jeg tror nok at kommende kokkespirer hadde hatt godt av å besøke en matprodusent og få fulgt maten helt fra jord til bord.

av Marit Milde

Spør oss om:

HMS

Grovfôr og beite

Bygg og økonomi

Maskinteknikk

Plantevern og gjødsling

Frukt, bær og grønnsaker

Vest.nlr.no
98245838
vest@nlr.no

Norsk Landbruksrådgiving

Vest



SELGE VARER I REKO-RINGER?

LOKALPRODUSERTE MATVARER, UTEN MELLOMLEDD



FORDELER FOR PRODUSENTEN:

REKO-ring er en ny distribusjonskanal som skal gjøre det enkelt for bønder og mathåndverkere å selge varer lokalt, på en effektiv måte, uten mellomledd.

- FLEKSIBELT
- TIDSBESPARENDE
- FORHÅNSBESTILLING
- BEDRE LØNNSOMHET
- ØKT SALG
- STØRRE KUNDEGRUPPE
- KUNDEKONTAKT
- ØKT SYNLIGHET
- SAMARBEID

Finn REKO-grupper på Facebook for å annonse produkter.
 Kunder etterspør kortreiste og ferske varer.
 Oversikt over aktive REKO-ringer finner du på:
www.smabrukarlaget.no

TIL LANDBRUKET LEVERER VI

- Brannvarslingsanlegg
- Elektriske installasjonar
- Internkontroll på el- og brannvarslingsanlegg
- Termografering

Ta kontakt på
478 36 160 eller
post@sunnfjordelektro.no


**Sunnfjord
Elektro AS**
EL-PROFFEN



GATE2018



DRØV Serien til melkekyr og storfeoppdrett



DRØV Serien til sau og lam



IDEAL Serien til purke, smågris og slaktegris



DRØV Serien til geit

TsT Maskin AS

Angedalen - 6811 Førde - Mobil 481 47 122



Bygging av drifts- og skogsvegar

*Gravemaskiner fra 8 til 23 tonn

*Traktor med dumperhengar



- Grøfting
- Dyrking
- Planering
- Brøyting
- Muring

GATE2018

Kraftfôr frå Ottadalen Mølle

- Norgesfôr bruker varmestabil Levucell® Levande Gjær i DRØV- blandingar.
- Norgesfôr bruker organisk selen og e-vitamin i IDEAL svinefôr - blandingar.

Kontakt for tilbud og bestilling:

Ottadalen Mølle, Lom:	Tlf: 61 21 18 20
Tenden Transport:	Tlf: 57 87 69 10
Salg, Vestlandet:	Tlf: 94 79 15 79
	Tlf: 48 00 93 77

GRATIS utkjøring av småsekk og storsekk fra våre lager i Stryn, Hafslø og Ørsta!

Besök vår heimeside www.norgesfor.no/ottadalen



Følg oss på facebook for tilbud og nyheter!



Ottadalen Mølle
Alltid der for deg

Portrettet

Karen Hornnes

Påtroppande fylkessekretær for Sogn og Fjordane

Frå 2020– lokallagsleiar i Sunnfjord BS

1996–2000 landsstyret i NBS

1992–1996 fylkesleiar SFBS

På nettet fekk eg tips om å google personen ein skal intervju, men det var ikkje mykje å finne om deg Karen?

Du må nesten fortelje litt om deg sjølv, oppvekst, interesser.

Eg er fødd på Hornnes i Førde, og der har eg budd mesteparten av livet. Vaks opp på heimegarden som vi seinare overtok. Noko som var vanleg då var at eg tidleg måtte vere med i arbeidet på garden. Best likte eg å stelle med dyra, spesielt hestane.

Eg er glad i å danse, spesielt gamaldans. Det har nok medført at eg har vore mykje involvert i Førde ungdomslag. Dei siste åra har eg også vorte sterkt involvert i Førde historielag.

Du har laaang fartstid i NBS. – Kor lenge har du vore medlem og kvifor? Har du gard?

Kva er dine fanesaker og forventningar?

Eg har vore medlem i NBS sidan vi overtok garden i

KAREN HORNNES

Bustad: Førde

Sivilstand: Gift med Leiv

Hobby: Det må vere strikking. Og so å gå på fjellet.

det skal vere mogeleg å drive landbruk i heile landet, og det skal vere økonomi i det. Småbruka må bli meir verdsett i norsk landbruk. Eg meiner at ein bør jobbe for å få inn att tak på tilskot og fordele pengane slik at dei fyrste dyra og dei fyrste areala vert prioritert.

1985. Det er det faglaget som passa oss næringsmessig. NBS prøver å legge til rette for ein best mogeleg landbrukspolitikk. Og ER ein organisasjon der eg har fått lære mykje. Har hatt roller på fleire nivå; lokallagsstyre/-leiar, fylkesstyret/-leiar i 4 år og NBS-styret.

Eg har dessverre ikkje lenger gard. Då vi ville bygge ny driftsbygning på 90-talet svara kommunen med å ta innmarka til tomteland.

Føreibile/ nokon du ser opp til?

Då eg var fylkesleiar i SFBS var Aina Edelmann (no Bart-



Den nye fylkessekretæren har vore aktiv i Bonde- og Småbrukarlaget i mange år. Eg føler at ein kjempar same kampane i dag som på 90-talet. Mål om betre inntekt til bonden, motarbeide avskaling i yrket og prøve å hindre at godt jordbruksland vert nedbygt er framleis aktuelle saker.

Foto: Privat



Karen er ei særskilt aktiv dame, glad i turar på fjellet og finn roen på stolen.

Foto: Privat

mann) leiar i NBS. Ho var ein god leiar og ei dyktig dame som eg har lært mykje av.

La oss sei du kunne velje ein historisk eller ein berømt person å ete middag ilag med – kven skulle det ha vore, og kvifor?

Denne personen er ikkje historisk; men for nokre dagar sidan las eg om Liv Signe Navarsete og ho kunne eg gjerne møte att til ein god middag. Ho er ei dyktig og engasjert dame som ein kan få gode impulsar frå.

Du framstår som ei svært aktiv dame, men er pensjonist. Kva jobbar har du hatt?

Eg har ikkje hatt so mange jobbar. Var tilsett i Sparebanken Sogn og Fjordane til eg førtidspensjonerte meg. Ein god arbeidsplass. Og so var eg bonde den tida vi fekk ha garden som arbeidsplass.

Kva gjer deg glad, kor/med kva slappar

du best av i kvardagen?

Det som gler meg mest er å få vere i lag med familie og aller mest barnebarna. Vere i lag med gode vener. Og so få fine og gode turar i fjellet, både ilag med gode vener og åleine. Ikkje minst finne roa på Hornnesstøyen og i Stongfjorden.

Kva er din ideelle ferie?

Det må vere å finne ein fin plass der ein kan kombinere bading og turar/fjellturar.

Lesestoff, musikk, mat?

Eg likar godt å lese. Har nett lese to bøker av Maja Lunde. Når det gjeld musikk er eg stort sett glad det meste. Høyrrer gjerne på norsk folkemusikk og country.

Når det gjeld mat er første pri at den er norsk.

av Marit Milde



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

På lag med landbruket

Forsikring Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige.

Les mer på gjensidige.no/landbruk,
eller ring oss på 915 03100.



Maxus eT90 el-pickup – for framtidensbonden. Prøvekjør hos Frydenbø Bilsenter.

1000 kg hengjarvekt | 1000 kg nyttelast | 5-seter eller 2-seter | 334-471 km (WLTP)
Bestill din Maxus eT90 Pickup no og få ekstra kort leveringstid.



Frydenbø Bil
frydenbo-bil.no



Sjå pris og les
meir om bilen her

FRYDENBØ

Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida


Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



Felleskjøpet

Tlf.: 72 50 50 50 · felleskjopet.no



Kvífor skal eg være eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for best mogleg økonomisk resultat frå din mjølkeproduksjon
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverking vidare i verdikjeda.

Saman skaper me eit levande Norge
medlem.tine.no



TINE

Nyinnmeld

Broren til den nye generalsekretæren

– Kven er du Håkon Langeland?

Du er ny medlem, og også kandidat til fylkestyretn. Kvifor valde du å melde deg inn? Var det understert påtrykk eller.

Eg ønskete å vere medlem hjå dei som verkeleg arbeider for den norske bonden, dei som vågar å fortelje sanninga, og beskrive verkelegheita, slik den er. Derfor melde eg meg inn og difor vil eg engasjere meg.

Kor kjem ditt engasjement frå?

Heh, jo, det ser ut til at det er stort engasjement for jordbruksmekaniseringa i Langeland slektta. Vi snakkar med utesetteme i mange fora. Det meiner eg ein ikkje kan gjere utan å vere villig til å bidra når det trengst. Eg trur eg kan gjere nytte for meg i styret og for vestlandsbonden. Og eg trur eg kan dra nytte av å ha god kjennskap inn i toppen av NBS.



HÅKON LANGELAND

Busett på Langeland gard i Guddal i Fjaler

Sivilstand: Gift med Line Langeland

Utdanning: Anlegg/bergverk, yrkessjåfør og agroteknikar.

Yrke: Agronom

Drift: Melkeproduksjon



GARDEN PÅ GUDDALEN: I fjøsen møte eg 38 melkekyr, 34 kvige, 15 oksar, 3 kattar og ein hest. Om sommar kan eg ogso ha 2-3 sau (fenalår-pinnekjøtt) og 2 grise (spekemat-juleribbe). Foto: Privat

Fortel om deg sjølv; bakgrunn, oppvekst, interesser..

Vaks opp i ein familie på seks – pappa, mamma, Janne, Anton, Anne Lise og meg, so det var ikkje gitt at eg skulle få ta over, men det fekk eg, noko eg er veldig gla for i dag. Og veldig glad for den oppveksten eg fekk. Foreldra mine har gjeve meg gode verdiar og haldningar som eg etterstreber å gje mine barn.

Eg er fødd og oppvaksen på garden eg driv i dag. Eg starta yrkeslivet mitt i transport og anleggs bransjen og jobba der i 12 år.

Tanken om å ta over gar-

den låg til modning lenge, men etter kvart som ungane kom vart det klart for at eg ønska å gi ungane mine same oppveksten som eg hadde.

I jobben eg hadde var eg mykje vekke frå ungane. Som bonde, sjølv om eg alltid er på jobb, er eg framleis tilgjengeleg for ungane. Ungane er glad i å få ta del i gardsarbeid og optatt av dyrevelferd.

Det er utrulen viktig og la ungane få utfolde seg når dei viser interesse og lære dei om verdiane om matproduksjon.

Interesser: Jakt, ski med ungar, utvikling av garden.

Korleis ser ein vanleg kvardag ut for deg?

Eg startar dagen med å hjelpe fruen og ungane av garde før eg går i fjøsen. I fjøsen er det no det vanlege som det er alle andre plassar.

So er det inn å ete frukost i ro og mak, mens eg planlegg dagen. Som bonde må ein vere fleksibel, for det ein har planlagt dagen før kan fort endre seg pga. veir å vind, eller andre uforutsette hendingar. Elles jobbar eg som alle andre bønder, passa dyra, er i skogen, service på utstyr osv.

Vi her på vestlandet har mange små bruk og m.a. har kystlandbruken utfordringar både med beite og grasfør.

Korleis ser du på norsk jordbruk i dag, og kor bør/går vegen vidare?

Vegen vidare må gå mot fleire bruk og fleire bønder. Det skal ikkje vere slik at eg som ynskjer å leve av å vere bonde skal måtte fungere som kannibal, og drive 3-4 gardsbruk rundt meg for å få endane til å møtast. Det skal ikkje vere slik at drifta er heilt lausriven frå drifts-



grunnlaget til bruket. Og det skal ikkje vere slik at vi ikkje kan leve som vanlege folk. Vi arbeider hardt vi bønder, hardare enn dei fleste, og fleire timer enn dei fleste. Likevel opplever mange av oss å ikkje ha sosial sikkerheit på lik linje som andre yrkesgrupper. Dette er enkelt og greitt ikkje rettferdig, og det er ikkje ein velferdsstat verdig.

Kva må ein ha fokus på for å minske avskalinga av fleire bruk?

Ingen bønder forventar å bli rike, men me forventar å kunne leve eit verdig liv der vi har anledning til å vere ein del av det norske samfunnet og ha tid til å ta del i oppveksten til borna våre, tid til å vere saman med familie og ektefelle/kjæraste. Slik dagens situasjon er, har vi ikkje det. Det viktigaste no, er at vi må få på plass eit økonomisk fundament i næringa, som gir oss bønder anledning til å bli ein del av det velferdssystemet alle andre tar som ei sjølvfølge.

Saker som har engasjert deg i det siste: Distrikts politikk, landbruks politikk, kostnadsauke, samvirke.

- Utviklinga i Norsk landbruk, der antal gardsbruk fortset å gå nedover.

- Elendig importvern, og manglande vilje til å innføre prosenttoll der det gir betre vern.

- Mjølkeprisen, og det evige maset om konkurransekraft.

Beskriv deg sjølv med 3 ord:
Omsorgsfull, arbeidsjern og engasjert

Korleis vil venene dine beskrive deg?
Inkluderande, alltid på jobb, seier alltid ja, engasjert, alltid godt humør og langt ifrå sjølvhøgtidleg

Om du ikkje var blitt bonde, kva ville du helst ha gjort?

Om eg ikkje hadde blitt bonde hadde vi nok budd meir sentralt, jobb er vanskeleg å

sei, men hadde nok tatt ein høgare utdanning, men hadde nok blitt ein administrativ jobb innan landbruk.

Kor ser du deg sjølv om 5 år?

Det kjem heilt an på landbruks politikken

Har du tid til hobbyar..?

Om hausten er moglegheit for jakte både åleine og med ungar og om vinteren reiser eg på slalåm med ungane.

Avslapping – kva gjer du då?

Eg kopla ut med å gå meg ein tur på fjellet av og til, elles prøver eg og kona og ta oss 1 til 2 helger vekk i året der det er berre meg ho.

Kva unngår du, og kvifor?

Det er ikkje so mykje eg unngår, tar det mest på strak arm. Ting er ikkje eit problem, det tar berre litt lengre tid å løyse.

Klima/miljø – korleis engasjerer det deg?

Eg er skeptisk til klimakalkulatoren, fordi den vil gi nokre uheldige konsekvensar. Det er og heilt feil å knytte klimaberekningar heilt ned mot kvart gardsbruk. Slike tal høyrer heime på sektornivå, slik er det for alle andre næringar.

- kva bil køyrer du t.d., og kvifor?

Eg køyrer ein Land Rover Discovery 3 2005. Ypparleg gardsbil. God hengarvekt, 7 seter, og god plass når ein legger ned alle seta.

Kona mi har ein BYD Tang, det er den vi brukar som familiebil.

Musikk mat lesestoff...

Liker det meste av musikk.

Liker det meste av mat, men ingenting slår heimelaga.

Les ikkje bøker, men likar og halde meg oppdatert.

av Marit Milde

Jo mere vi er sammen!

Alle husdyrprodusenter er små aktører i det store markedet. Men alle er sterkere når vi opptrer sammen.

Nortura er det eneste landsomfattende slakteriet i Norge som eies av medlemmene. Vi er bøndenes egen bedrift. Vårt formål er å sikre avsetning av norsk kjøtt og egg og skape verdier for eierne.

Se medlem.nortura.no



Vi har det meste rimelegare enn dei fleste!

Klippeutstyr



Vi har alt du treng til klipping av småfe og storfe. Maskiner, knivar, kammar m.m.

Aktuelt til lammingsa



Mjølkekumpe for sau og geit. Enkel i bruk. Råmjølkserstatning - reddar tusenvis av lam. Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Drikkeutstyr for sjølvmontering



Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, trau, stål- og plastrøyr, røyrdelar m.m.

Gjerdeutstyr



Stort utval i elektrisk gjerdeutstyr.

Nessemaskin

Sjøarsv. 5, 6994 Nessane, Tlf. 57 69 48 00

www.nessemaskin.no

Returadresse:
Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag
Hornnesvegen 113
6809 FØRDE



TRAKTORER OG LANDBRUKSUTSTYR SOM
FYLLER DITT BEHOV TIL EN FORNUFTIG PRIS



Chief

OSELLA

PACAS

COSMO

Salter

Birds-Jet

SEKO

ELMAAS



Aase Landbruk a.s.

Vadheimsvegen 1255, 6973 Sande i sunnfjord

Telefon: 57 71 64 40

www.aaselandbruk.no